



Gamle 3 Hus AS
Bellgården 1
5003 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2271 - 17/25056

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
07.09.2017

Førebels svar på søknad om etablering av naust - gbnr 11/84 Hølleland

Tiltak: Naust
Byggjestad: Gbnr: 11/84
Tiltakshavar: Øyvind Hosøy
Ansvarleg søkjar: Gamle 3 Hus AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.07.2017. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Privatrettslege tilhøve

Omsøkt naust er i følgje kommunen sitt kartgrunnlag plassert på eigedomen gbnr 11/6. Vi kan ikkje sjå at heimelshavar har gitt samtykke til omsøkte tiltak. Det går heller ikkje klart fram av nabovarslinga at eigar av gbnr 11/6 er varsla då det ikkje er merka på kvitteringa for nabovarselet kven som er varsla ved rekommandert sending. Dokumentasjon som avklarar dei privatrettslege tilhøva må sendast inn.

Nabovarsel

Då tiltaket er plassert på gbnr 11/6 må også naboar til denne eigedomen som kan bli berørt av tiltaket, bli varsla.

Forholdet til plangrunnlaget

Omsøkt naust er plassert delvis i sjø og delvis på land. Arealføremålet i sjø er « bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone». Området har særskild verdi i forhold til friluftsliv, jf omsynssona som er sett.

Naustet si plassering er i strid med både arealføremålet på land som er byggeområde for fritidsbustadar, plankravet i punkt 1.1 i føresegnene til kommuneplanen (Tiltaket kjem ikkje inn under unntakskravet i punkt 2.21), byggjegransa mot sjø og arealføremålet i sjø. Tiltaket krev følgjeleg at det vert søkt om og gitt



dispensasjon for alle desse tilhøva. Søknaden om dispensasjon må supplerast og grunnjevast slik at han omfattar alle tilhøva som krev dispensasjon.

Situasjonsplan og teikningar

Det må gjerast greie for korleis naustet skal plasserast i sjø. Skal naustet stå på pålar, skal det sjøområdet fyllast ut eller anna. Det må sendast inn revidert situasjonsplan der dette går fram og terrengprofil som viser eksisterande og nytt terreng.

Vi gjer merksam på at endringar i situasjonsplanen kan krevja at tiltaket må nabovarslast på nytt.

Gjennomføringsplan

Gjennomføringsplanen skal visa alle ansvarsområde for tiltaket sjølv om det ikkje er klart kva føretak som skal utføra arbeidet.

Fråvik frå TEK

Det er i søknaden gjort greie for at det vert søkt om fråvik frå TEK 10 for eksisterande byggverk. Administrasjonen forstår det slik at dette gjeld feil avkryssing på skjema og ikkje er relevant for omsøkte naust. Vi ber om tilbakemelding på dette.

Anna lovverk:

Plassering av naust i sjø krev løyve etter hamnelova. Kommunen vil senda søknaden, når den er komplett, til uttale/sakshandsaming etter hamnelova til Bergen og omland havnevesen som forvaltar hamnelova på vegne av Lindås kommune.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.11.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:

Gamle 3 Hus AS
Øyvind Hosøy

Bellgården 1 5003
Markaneset 66 5251

BERGEN
SØREIDGREND